

# ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2014

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

**1.Økonomisk del**

**2.Generell del**

**3.Viltforvaltning**

**2.1 Villreinformvaltning**

**2.2 Småviltforvaltning**

**4.Fiskeforvaltning**

**3.1 Fiskeutsetting**

**3.2 Prøvefiskeresultat**

**3.3 Garnfiskestatistikk**

**3.4 Kalking**

**3.5 Anna fiskekultivering**

**5.Fjellstyrehyttene**

**4.1 Hyttestyret**

**6.Beiteleiga**

**7. Anna**

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2012 og 2011 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2014	2013	UTGIFTER, DRIFT	2014	2013
Salsinntekt		579 910	Lønskostnader		33 512
Anna driftsinntekt		182 810	Avskrivningar		83 607
			Samjaktavtalar, varekostnad		0
			Anna driftskostnad		763 081
Sum driftsinntekter		762 720	Sum driftskostnader		892 449
Driftsresultat		-129 729			
Netto Renteinntekt		49 509			
Sum årsresultat		80 239			
Bankinnskot, kontantar og liknande.		1 713 078			

Kommentar:

Inntektene:

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

## 2. Generelt

Fjellstyret hadde 3 styremøte og handsama 18 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

[www.eidfjord-fjellstyre.no](http://www.eidfjord-fjellstyre.no)

## 3. Viltforvaltning

### 3.1 Villreinformvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ei vinterstamme på 10 000 dyr etter jakt i 2009. Vurderinga frå Villreintutvalet er at det var 11 000 dyr før kalving i 2014.

Samla kvote vart sett til 9 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 616 fellingsløyve. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegarar på

almenninga til 130. Det vart selt om lag 400 fellingsløyve. Effekten av ei så stor kvote er minimal for Eidfjord når ein må ta omsyn til jegertalet og forsvarleg jakt. Fellingskvota rekna av selte kort var på 23,5%.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Totalt for allmenninga vart det felt 94 dyr. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt, reinen vandra vestover og det var jakting heilt mot Viersla. I tillegg var det trekk av dyr vidare vestover på privatterrenga.

Jakttida var satt til 20.08 til og med 30.09. På grunn av dårleg felling vart jakttida utvida til å gjelda til og med 12. oktober. Dette hadde liten effekt for Eidfjord. Det skuldast i hovudsak vindretninga, men og at reinen trekkjer mindre når den er kome i brunst. Nattefreding var det mellom kl 19.00 og kl 07.00.

### 3.2 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/ obs	Ryper/km <sup>2</sup> (med 90% sikkerheit)		Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7	(5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8	(6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4	(2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3	(2-5)	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4	(3-6)	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7	(5-11)	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2	(1-3)	1,7
2013	Eidfjord statsalm	25	131230	48	193	4,0	3	(2-7)	4,3
2014	Eidfjord statsalm	24	149713	61	428	8,5	11	(7-16)	9,8

Med bakgrunn i dei positive takseringsresultata og retningslinjene for når det kan opnast for jakt, 8 ryper/km<sup>2</sup>, vart det kortsal i haust.

Til saman vart det selt 105 kort, jakta i snitt 2,2 dagar, felt 158 lirype og 136 fjellrype. Dette gir 2,8 rype felt per jeger.


### 3. Fiskeforvaltning



Garnfiskestatistikken viser god avkastning, sjølv om fangsttinsnsatsen er gått noko ned ligg fangstane stabilt og på nivået frå før 2007. Det er forventa ei auke i fangstane neste år, 2009 årgangen er sterk og normalt går det 6-7år før fisken er oppe i fangbar storleik.


Til saman var det 112 som hadde løyst garnfiskekort. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;



Kommentar:

Fangstsinnsatsen har gått ned samstundes som avkastninga har gått opp. Dette tyder på at det kan haustast meir fisk i Tinnhølen.



### Kommentar:

Det er godt samsvar mellom fangststnnsats og avkasting, dette tyder på at Nordmannslågen er i god balanse.

### 3.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	
2014	151	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Årleg fangar dei om lag 50 stamfisk. 28 stamfisk som hadde ein snittvekt på 2,4 kg vart individmerka og slept i Tinnhølen seinhausten 2012. Fjellstyret er veldig interessert i rapport om fangst av desse, fangststad, lengde, vekt og merkenummer er viktig informasjon å få med. I tillegg var det satt ut 2000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa.

### 3.2 Prøvefiskeresultat


Følgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2014;

#### Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit enkelt prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På prøvegarnseriar (38 garn) vart det teke 204 aurar med samla vekt på 37,1kg som gir ei snittvekt på 182g. Situasjonen i vatnet synest stabil, ingen stor betring å sjå i fiskestorleiken.

#### Tinnhølen


Vatnet vart prøvefiska ei natt med 3 x W. Jensen prøvegarnserie a 8 garn. Det var mykje vind som gjorde garnsettinga vanskeleg og avgrensa kor det vart fiska. Prosentvis fordeling av fangst på lengdegrupper samanlikna med tidlegare prøvefiske viser følgjande resultat:



Førebels resultat viser ingen store endringar i forhold til tidlegare prøvefiske. Kvaliteten er god. Det står att å analysera kor stor del av fangsten som er utsatt aure.

### 3.4 Kalking

Det vart ikkje gjennomført kalking i 2014. I staden vart det gjennomført ein grundig overvaking av vasskvaliteten og botndyr. Førebels resultat frå vassanalysene viser litt nedgang i pH på hausten mot tidlegare år når det har vore kalka. Førebels er det ingen dramattikk, men det vil vera utviklinga i 2015 som gir meir trend.



Forsuringsindeks er ein biologisk måleining av forsuring ved at førekomst og/eller fråver av forsuringfølsomme botndyr er tilstades. Indeksen fortsett å stige i dei kalka delane av området.

Referansefeltet «Langesteintjørne», derimot, har en markert tilbakegang. Indeksverdiene ligger her rundt miljømålet, jfr. Vassforskrifta. Ei av årsakene til at referansefeltet viser svakare verdier er fråvær av dei mest forsuringfølsomme døgnflogene i innløpet til Langesteintjørne.

### 3.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvaking av rotenonbehandla vassdrag med ruser. Det er ikkje funne ørekyte etter rotenonbehandlinga.

## 4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttboka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet ”persondøgn”.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Hytte							
Gamla Sandhaug	52	92	58	124	128	131	125
Tinnhølen	154	1762	26	78	69	88	122
Krobu	73	39	73	120	34	75	70
Stigstuv	0	34	7	42	3	19	20
Viersla	181	172	13	85	84	139	230
Langavasshadle	72	28	9	6	66	15	63
Heisann-tjørnhytta						4	8

Persondøgn for 2008 og seinare er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnseten kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene. 107 døgn er ikkje spesifisert kor overnatting har vore.

### 4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret. Generelt er det ført tilsyn, vaska og frakta inn ved og propan.

Krobu:

Gamla Sandhaug:

Viersla:

Stigstuv:

Heisanntjørnua:

Alle hyttene er det sjekka batterier, brannsløkkapp og brann/røykvarsler, vaska sengetøy, sjekk av 12 volts anlegg

Hyttestyret har følgjande medlemmer; Lars Kristian Eidnes, Kari Tveit Hovland, Knut Johan Medhus og Vidar Riber.



## 5. Beiteleiga

Halne beitelag har 3. år kontrakt om beiteleige med fjellstyret og slepte 1068 sau. Kontrakten seier at beitelaget kan beita inntil 1000 sau.

## 6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Aslak Myrvang var styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Aslak Myrvang er medlem i Villreinutvalet og for tida leiar.
- Ulvik sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Osa 14.-15. juni. Det var 40 ungdomar som deltok, ca 10 stk frå Eidfjord. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode.

### Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes - s -	Aslak Myrvang - s -	Vidar Riber - s -	Kari Tveit Hovland - s -
Knut Johan Medhus - s -	Samson Hamre - s -	Dagny Opedal - s -	